

## Rettleiing til bruk av digital kartløyising - Kommunekart

Rev. 25.02.2021 – Revidert link til kommunekart, merk feil nettadresse i utklipp


Austevoll kommune har eit digital kartverktøy som lar deg sjå:

- Kva føremål eit område er avsett til i kommuneplanen (til dømes bustad, næring eller landskap-, natur- og fritidsføremål).
- Godkjente reguleringsplaner i kommunen.
- Informasjon om ein eigedom, bygningar og andre tiltak.
- Vegnamn: eksisterande og planlagde.
- Verna/freda artar, naturmangfald, ras/skred-fare, stormflokartlegging og langt meir.


Lenke til digital kartløyising: <https://www.kommunekart.com/klient/austevoll/publikum>

Ved å klikke på lenke over vil dette opne eit nytt vindu og vise deg eit kart over Austevoll kommune.

For å sjå informasjon om ein spesifikk eigedom eller eit område, skriv inn adresse, sted eller gards- og bruksnummer i søkefeltet øvst på sida. Eventuelt kan du zoome inn/ut ved bruk av verktøyet nedst til høgre på sida.




Når du har funnet fram til den korrekte staden, klikk på kartet for å få opp informasjon. Du vil da få opp ein meny på høgre side. Denne menyen seier noko om kva informasjon som er tilgjengeleg på den aktuelle tomte eller område.



Ved å klikke på dei ulike kartlaga får du opp ulik informasjon.

## Bygninger


Er du interessert i å vite kva ein bygning er registrert som, trykker du på «bygninger» og deretter «bygning». Du vil da sjå kva bygningstypa er.



Ynskjer du å sjå kor høg ein bygning er, trykker du på «mønelinje».

## Eigedom

Dersom du ynskjer å sjå kor stor ein eigedom er eller finne ut kva gards- og bruksnummer ei tomt har, trykk på «eiendom».



For å merke heile teiga, trykk «vis i kart».

«SeEiendom» tar deg til Kartverket si heimeside og viser deg informasjon som ligg i eigedomsmatrikkelen.

Eiendomsinformasjon (1)			
Type	Grunneiendom	Areal (Oppgjitt areal)	925,5
Kommune	1244 Austevoll	Arealmerknad	
Gårdsnr	67	Grunnforensing	Nei
Bruksnr	39	Tinglyst	Ja
Festnr		Seksjonart	Nei
Seksjonsnr		Har festegrønner	Nei
Bruksevrnr		Pantfeste	Nei
Koordinater	288444,91 6658277,94 (32632)		
Kulturminne	Ikke registrert	Bekreftet grunnboksutskrift	<a href="#">Se i kart</a>
		Grunnboksinformasjon	<a href="#">Se Eiendom</a>

Adresser (1)	
Adresse	Postnummerområde
Bekkjarvik 70	5397 Bekkjarvik

Bygninger (3)	
Byggningsnummer	Type
9784306	321 - Kjøpesenter ve
9784306-1	
9784306-2	


Teiger (1)	

## Kommuneplanen

Kommuneplanen avgjer kva ein kan byggje på rundt om i kommunen. Dersom du ynskjer å vite kva eigedomen eller eit område er avsett til, trykk på «kommuneplan» i menyen til høgre.

Under «kommuneplan» vil du sjå kva kommuneplan som gjeld og når denne vart vedtatt.


Under «arealformål» vil du sjå kva du kan nytte eigedomen til. Til dømes, næringsbebyggelse.



## Reguleringsplaner

Alle godkjente reguleringsplaner i Austevoll kommune, med tilhørende planmaterieell, er tilgjengeleg digitalt. Reguleringsplaner gir detaljerte opplysningar om kva ein kan bygge.

Ved å klikke på "reguleringsplaner" og så på "reguleringsplan" vil du få opp informasjon kva reguleringsplanen heter og når denne vart vedtatt.



For å sjå plandokument og meir informasjon om reguleringsplanen, klikk på «WebPlan» nedst til høgre. Du vil da bli tatt til ein ny fane som ser slik ut:

[Søk](#)
[Planinformasjon](#)
[Hjelp](#)
[Gjeldende plankart](#)
[Gjeldende bestemmelser](#)
**Hovedopplysninger**

Nasjonal arealplanid	1244_20100006
Administrativ enhet	1244
Planident	20100006
Lovreferanse	Plan- og bygningsloven av 1985 eller før
Saksår / sekvensnummer	10 / 2125
Saksnummerinformasjon	041/11
Plannavn	Endr DetReg Bekkjarvik gnr67 bnr1, 8, 10, 12, 13, 15, 18, 20,
Type	Mindre reguleringsendring
Status	Endelig vedtatt arealplan
Ikrafttredelsesdato	07.04.2011
Vertikalnivå	På grunnen/vannoverflaten
Bestemmelser	Planbestemmelser både på kart og som egen tekst

**Plandokumenter**

	Dokumenttype	Dokument	B
Gjeldende bestemmelser	Gjeldende bestemmelser	<a href="#">124420100006_føresegn.pdf</a>	
Vedtaksdokumenter	Bestemmelser	<a href="#">124420100006_føresegn.pdf</a>	
	Arealplankart	<a href="#">124420100006_kart.pdf</a>	
	Vedtak	<a href="#">124420100006_vedtak.pdf</a>	

I den nye fanen finner du opplysninger om reguleringsplanen, plandokumenter og sakshandsaminga. Her kan du for eksempel laste ned plankart, føresegner eller planskildringa.

Fann du ikkje det du såg etter? Ta kontakt med plan- og byggesaksavdelinga på e-post [planogbygg@austevoll.kommune.no](mailto:planogbygg@austevoll.kommune.no), eller på tlf 55 08 11 00.